

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**TID:** Tysdag 25.8.2009, kl. 16:00 – 20:00  
**STAD:** Drammen, Clarion Collection Hotel Tollboden

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Nils Peter Undebakke og regionkontakt Terje Moen

---

### SAK 39/09 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 19.6.2009

#### Vedtak

Møteprotokoll 19.6.2009 vart vedteke.

### SAK 40/09 FELLES BARNEVERN FOR HALLINGDAL, LOKALISERING

#### Framlegg frå Torleif Dalseide

Regionrådet for Hallingdal vedtek lokalisering av felles barnevern i Hallingdal til Ål.

#### Framlegg frå Olaug Grønseth Granli

Regionrådet for Hallingdal vedtek lokalisering av felles barnevern i Hallingdal til Gol.

#### Avstemming

Framlegg frå Torleif Dalseide fekk 4 røyster

Framlegg frå Olaug Grønseth Granli fekk 2 røyster

#### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vedtek lokalisering av felles barnevern i Hallingdal til Ål.

### SAK 41/09 ENDELEG FORSLAG TIL DELVIS BOMPENGEFINASIERING AV RV7, SOKNA – ØRGENVIKA

Regionrådet for Hallingdal rår til at Ål kommune sitt forslag til vedtak blir nytta:

#### **Forslag til vedtak:**

1. xx kommune tilrår utbygging av ny riksveg 7 mellom Sokna i Ringerike kommune og Ørgenvika i Krødsherad kommune i samsvar med vedtekne reguleringsplanar.
2. Utbygginga vert tilrådd delfinansiert med bompengar i høve til tilrådde planar for finansiering.

3. Det vert bygd bomstasjon mellom Rallerud og Haverstingen i Ringerike kommune som omtala i punkt 2.12.4. i reguleringsplanen. Innkrevjinga vert gjennomført med heilautomatisk, ubemanna bomstasjon.
4. Føresett ein samla investeringskostnad på 1.470 mill. 2009-kr inklusiv innkrevjingsgebyr, statleg del på 700 mill. 2009-kr og innkrevjingsperiode på inntil 15 år, med mogelegheit for forlenging med inntil 5 år dersom utviklinga i bompengeselskapet sin økonomi gjer det nødvendig, kan det godtakast ein bompengetakst på kr. 63 pr passering (2009-kr) for lette køyretøy og 160 kr. pr passering (2009-kr) for tunge køyretøy med samla vekt på over 3.500 kg. Det vert føresett at bompengetakstane vert regulert i høve til prisutviklinga.
5. Det vert føresett ei ordning med rabatt slik at trafikantar med elektronisk brikke vert gjeve 10 % flat rabatt, og at det ikkje vert gjeve rabattar ut over dette.
6. xx kommune går ut av Hallingporten Vegfinans AS under føresetnad av at Buskerud fylkeskommune kjøper aksjane og tek ansvaret for å stille garanti for låneopptaka i bompengeselskapet.
7. xx kommune ønskjer å delta som observatør i Hallingporten Vegfinans AS med følgjande representant:....., og som vararepresentant .....

## **SAK 42/09    UTTALE - FORSLAG TIL HANDLINGSPROGRAM FOR EKSISTERANDE OG NYE FYLKESVEGAR 2010 – 2013**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil med dette gje ei meir generell uttale til handlingsprogrammet for eksisterande fylkesvegar 2010 – 2013 og handlingsprogrammet for nye fylkesvegar 2010 – 2013. I tillegg vil dei einskilde kommunane i Hallingdal gje sine uttaler som også tek for seg problemstillingar i forhold til konkrete vegstrekningar.

1. Regionrådet for Hallingdal vil utrykke ei sterk bekymring for utviklinga av vedlikehaldet både på eksisterande og nye fylkesvegar. Etter Regionrådet sitt syn må det setjast i verk ein opptrappingsplan slik at eksisterande fylkesvegar har ein standard og eit vedlikehald etter fastsette normer. Med ei økonomisk ramme som ligg minst 30% under det som må til for å stanse forfallet, seier det seg sjølv at dette ikkje er ei forsvarleg forvaltning av eksisterande vegkapital.
2. Det er ikkje akseptabelt at investeringsramma til eksisterande fylkesvegar reelt blir redusert med om lag 30% i forhold til investeringsnivået i åra 2002 – 2005, ut frå det store investeringsbehovet som er for fylkesvegane.
3. Vedlikehaldsforfallet på nye fylkesvegar er ca 1 mrd kr. Rammene i handlingsprogrammet er langt frå tilstrekkeleg til å ta igjen dette forfallet. Det er etter Regionrådet sitt syn ikkje akseptabelt.
4. Regionrådet for Hallingdal meiner at restmidlane frå Kjellstadbommen må nyttast til prosjektet Øvre Sund bru. Regionrådet er og av den formeining at det ikkje kan akseptast ei vidare utviding av dei økonomiske rammene til "Vegpakke Drammen", utan at dette blir sett i ein samanheng der planlagde investeringar i resten av fylket har venta i snart 15 år.

## **SAK 43/09    VIDAREFØRING AV SLT I HALLINGDAL**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at SLT-Hallingdal blir vidareført som ei permanent ordning frå 1.1.2010, med ein tilsett koordinator i 50% stilling.
2. Regionrådet rår til at ordninga blir organisert i ein vertskommunemodell, og at kostnadane blir fordelt etter den faste regionale fordelingsnøkkelen.

3. For at arbeidet skal fungere på eit regionalt nivå der også fleire aktørar er involvert utanom kommunane, ser Regionrådet det som viktig at det blir etablert ei referansegruppe, noko tilsvarande dagens styringsgruppe.
4. Regionrådet ber Rådmannsutvalet klargjera felles sak til kommunane i Hallingdal, der også organisering og økonomi er nærare klargjort.

### **SAK 44/09 OPPRETTING AV HALLINGDAL UNGDOMSRÅD (HUR)**

#### **Vedtak**

- Regionrådet for Hallingdal støttar opprettinga av Hallingdal Ungdomsråd (HUR).
- Regionrådet for Hallingdal rår til at Regionrådet sitt årlege budsjett blir styrka med eit årleg beløp til drift av HUR, for 2010 kr. 80.000.
- Rekneskap skal sendast Regionrådet innan 15.februar påfølgande år.
- Dagleg leiar i Regionrådet skal saman med HUR utarbeide forslag til arbeidsform mellom HUR og Regionrådet.

Ål 31.8.2009

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar